

SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 24/00470-1
Saksbehandler Lene Øyulvstad

Høyringsinnspel - utgreiing av inntaksmodellar til vidaregåande skular i Agder

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Hovudutval for oppvekst og levekår	24.09.2024	18/24
2 Ungdomsrådet	26.09.2024	6/24
3 Formannskapet	03.10.2024	56/24

Hovudutval for oppvekst og levekår har behandlet saken i møte 24.09.2024 sak 18/24**Møtebehandling**

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.

Hovudutval for oppvekst og levekårs innstilling

Åseral kommune sender inn nedanstående høyringsuttalelse i forhold til utgreiing av inntaksmodellar til vidaregåande skular i Agder.

Ungdomsrådet har behandlet saken i møte 26.09.2024 sak 6/24**Møtebehandling**

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.

Ungdomsrådets innstilling

Åseral kommune sender inn nedanstående høyringsuttalelse i forhold til utgreiing av inntaksmodellar til vidaregåande skular i Agder.

Formannskapet har behandlet saken i møte 03.10.2024 sak 56/24

Møtebehandling

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.

Formannskapetets vedtak

Åseral kommune sender inn nedanstående høringsuttalelse i forhold til utgreiing av inntaksmodellar til vidaregåande skular i Agder.

Høringsinnspel - utgreiing av inntaksmodellar til vidaregåande skular i Agder

Kommunedirektøren si innstilling:

Åseral kommune sender inn nedanstående høringsuttalelse i forhold til utgreiing av inntaksmodellar til vidaregåande skular i Agder.

Vedlegg

Høringsdokument utredning av inntaksmodeller for vidaregåande opplæring i Agder

Høringsinnspel frå Åseral kommune – utgreiing av inntaksmodellar til vidaregåande opplæring i Agder

Saka kort fortalt

Høyring utgreiing av inntaksmodellar til vidaregåande skular i Agder er med grunnlag i vedtak frå Fylkestinget 12.12.2023 der det vart bestilt ei politisk sak som ser på ulike inntaksmodellar for inntak til VG1 i Agder fylkeskommune. Fylkeskommunen ønskjer i høyringa tilbakemelding på føreirekt inntaksmodell og eventuelle perspektiv eller konsekvensar som ikkje er beskrivne i utgreiinga.

Bakgrunn

Agder fylkeskommune har sendt høyring om utgreiing av inntaksmodellar til vidaregåande skular i Agder. Fylkeskommunen ønskjer i denne høyringa tilbakemelding på føreirekt inntaksmodell og eventuelle perspektiv eller konsekvensar som ikkje er beskrivne i utgreiinga. Høringsfristen er 3.oktober 2024. Innspela vil bli vurderte og følgjer med i vidare politisk behandling. Vedlagd følgjer høringsdokument for utgreiing av inntaksmodellar for vidaregåande skular i Agder, vedlegg 1.

Parallelt med denne høyringa, ligg det òg ute høyring om fireårig tilbudsstruktur for vidaregåande skular i Agder. Dei to høyringane kan med fordel sjåast i samanheng.

Vurdering

Bakgrunn for høyringa er vedtak frå Fylkestinget 12. desember 2023, der det vart bestilt ei politisk sak som ser på ulike inntaksmodellar for inntak til Vg1 i Agder fylkeskommune.

Inntaksmodellen er § 3 i den lokale inntaks- og formidlingsforskrifta. Sidan justering av inntaksmodell i den lokale inntaks- og formidlingsforskrifta kan påverka moglegheitene til ungdommar, har fylkeskommunen sendt dette ut på høyringa.

I høyringa blir presentert tre ulike inntaksmodellar:

- Modell 1: Fritt skuleval – poengbasert inntak
- Modell 2: Noverande modell – nærskuleprinsippet med modell 2B: Nærskuleprinsipp med videresøk på utdanningsprogram i Kristiansand
- Modell 3: Fritt skuleval med 3 inntakssoner

Fylkeskommunen ønskjer i høyringa tilbagemelding på føretrekt inntaksmodell og eventuelle perspektiv eller konsekvensar som ikkje er beskrivne i utgreiinga.

Kommunedirektøren legg fram følgjande forslag til høyringsinnspel:

Åseral kommune støttar målet frå fylkeskommunen om å halda oppe dagens desentraliserte skulestruktur. Føretrekt inntaksmodell er modell 2 noverande modell – nærskuleprinsippet.

Grunnlag for dette er målet om at fleirtal av alle Vg1 elevar skal kunna bu heime på Vg1, og at det ikkje skal vera nødvendig å flytta for å gå på Vg1. Modell 2 sikrar i høg grad moglegheita til elevar for å gå på ein skule nær eigen bustad. Ungdom i Åseral kommune har ut frå kommunetilhøyrsele Byremo vidaregåande skule og Setesdal vidaregåande skule avdeling Hornnes som nærskule sin. Med modell 2 vil ungdom busett i Åseral kommune få ekstra poeng når dei søker Byremo vidaregåande skule og Setesdal vidaregåande skule avdeling Hornnes. Dette gir større moglegheit for at ungdom frå Åseral får tilbod om skuleplass ved desse skulane, dersom skulen har utdanningsprogrammet som ungdommen søker.

Samtidig inneber denne modellen at dersom ungdom søker eit tilbod som ikkje finst på nærskulen i eigen region, så konkurrer ungdommen med nærskulepoeng på alle skular i Agder som har det aktuelle utdanningsprogrammet. Til dette ønskjer kommunen å notera at dei vidaregåande skulane i Kristiansand blir sette på som nærast for ungdom busett i Åseral kommune.

Kommunen ønskjer at elevar frå Åseral kommune framleis skal ha same moglegheit for inntak ved vidaregåande skule i Kristiansand til dei linjetilboda som ikkje er ved Byremo vidaregåande skule og Setesdal vidaregåande avdeling Hornnes.

Modell 2 – dagens modell, blir sett på som best for å ta vare på nærskuleprinsippet, og dessutan moglegheita for å vidareutvikla og halda oppe bredde i det vidaregåande skuletilbodet ved Byremo vidaregåande skule og Setesdal vidaregåande skule, avdeling Hornnes.

Økonomiske konsekvensar

Nei

Konsekvensar for barn og unge

Ja

Konsekvensar for klima og miljø

Nei

Konsekvensar for folkehelse

Nei

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at Åseral kommune stiller seg bak det framlagde forslaget til høyringsuttalelse.

RETT UTSKRIFT

DATO 3.oktober.2024